



Sakshandsamar: Torunn G. Hønsi
Telefon: 57 64 31 43
E-post: torunn.honsi@fylkesmannen.no

Vår dato
08.07.11

Vår referanse
2011/2769
Rapportnummer

Vartdal Gjenvinning avd. Florø
6900 Florø

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: Vartdal Gjenvinning avd. Florø	Organisasjonsnr. (bedriftsnr.): 871912092 Eigd av (foretaksnr.): 955494083
Stad og kommune: Florø kommune	Kontrolldato: 31.05.11
Postadresse: 6900 Florø	Anleggsnr. (internt nr.): 1401.0099.01
	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: Niklas Veiesund	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Torunn G. Hønsi og Bjarne Nes
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Miljøriskovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input checked="" type="checkbox"/> Miljøsanering av kasserte køyretøy	<input checked="" type="checkbox"/> Forsøpling og ureining til omgjevnader <input checked="" type="checkbox"/> Fast dekke og oljeavskillar <input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering og bruk av kjemikalier <input type="checkbox"/> Datablad
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon	

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **2** avvik og gitt **2** merknader. Avvik er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan 2 veker atter at rapporten er motteke. Fylkesmannen vedtek med dette at verksemda skal betale eit **kontrollgebyr på kr. 4400,-** for kontrollen. Innbetalingsblankett vert sendt frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) etter klagefristen har gått ut. De har frist til **20.08.11** for å gje skriftleg tilbakemelding og sende inn dokumentasjon på kva tiltak de har sett i verk for å lukke avvik omtalt i rapporten.

Vi bed verksemda om å ta nye og representative prøvar av avløpsvatnet som renn ut frå oljeavskiljaren snarast råd og sende oss kopi av prøveresultata til vurdering.

Vi takkar elles for ei grei gjennomgang hjå verksemda.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernsjef

Torunn G. Hønsi
overingeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved **Vartdal Gjenvinning avd. Florø den 31.05.11.**

Kontrollen vart gjennomført som ein lekk i ein landsdekkande kontrollaksjon retta mot biloppsamlingsbransjen. Vi intervjuar sentralt plasserte personar i organisasjonen og granska dokument og gjennomførte verifikasjon av området. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader som vart avdekt, innanfor dei tema som kontrollaksjonen omhandla. Vi vil gjere merksam på at ikkje alle sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak. Miljøvernmyndigheitene kan kome att og kontrollere andre forhold ved verksemda ved eit anna høve.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom eventuelle merknader og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgjevningen. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte eller planlagde tiltaka innan 20.08.11. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak, t.d. bilete, kopi av deklarasjonsskjema, kopi av rutinar for handtering av farleg avfall, prøvetaking o.a.

Viktige miljøkrav til biloppsamlingsplassar

1. Bilvrak skal miljøsanerast og ei lang liste med komponentar og væsker skal fjernast frå bilvraket for å unngå ureining av miljøet og for å kunne attvinnast.
2. Plikt til å hindre ureining av miljøet frå sin aktivitet. Ein skal unngå væskelekkasje, og bilvrak og bildelar med risiko for lekkasje skal lagrast og handterast på fast dekke. Avrenning frå fast dekke skal gå til lukka tank eller via rett dimensjonert oljeavskiljar. Området skal vera inngjerda og avstengt, ein skal unngå forsøpling. Støyande aktivitet skal avgrensast til normal arbeidstid, om ikkje anna er tillat.
3. Farleg avfall skal handterast forsvarleg og i tråd med *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kapittel 11. I tillegg er det regelverk knytt til bestemte typar farleg avfall.

Vi gjer merksam på at ei fullstendig oversikt over miljøoverket verksemda må drive etter kan ein finne på www.lovdato.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no.

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Det vart informert om gebyret under tilsynet og i varselbrevet frå Klif som vart sendt bransjeorganisasjonane i forkant av aksjonen.

Fylkesmannen vedtek med dette at Vartdal Gjenvinning, avd. Florø skal betale eit gebyr på kr. 4400,- (sats 4) for den gjennomførte kontrollen.

Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klif. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik Biloppsamlingsaksjon 2011

Avviksformuleringar av funn ved Vartdal Gjenvinning avd. Florø

(nummer på avvik i underpunkt viser til interne rapporteringsnr. vi brukar ovanfor Klif, for å lettare kunne samanfatte resultat for heile landet):

Avvik 1: Verksemda si drift og kontroll med oljeutskiljar er mangelfull

Avvik frå: Avfallsforskrifta § 4–7 vedlegg 1, internkontrollforskrifta § 5, 2.ledd punkt 6 (tiltak for å redusere risiko), Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 7 (rutinar for å førebyggje lovbrøt), løyvet av 17.12.07 punkt 2.2 (tiltak ved auka ureiningsfare) og 3.4 (krav til oljeavskiljar)

Avvik nr.

4C) Utslippskontroll med reinsa vatn fra oljeutskiljar er ikkje tilfredsstillande

Det verkar til at oljeutskiljaren ikkje fungerer etter hensikta fordi oljeinnhaldet i utgåande reinsa vann ligg skyhøgt over det reinsetekniske funksjonskravet på 50 mg/l som er satt i løyvet av

17.12.07 pkt. 3.4, og som vert stilt til same type reinseanlegg regulert i § 15-7 i forurensingsforskrifta kapittel 15 om utslipp av oljehaldig avløpsvann. Verksemda opplyser at prøvane er tekne av verksemda sine egne tilsette etter instruks frå laboratoriet, men dei har ikkje etterspurt resultatane av prøvane og har ikkje høyrte noko om at oljeinnhaldet var for høgt. Det skyhøge innhaldet av olje har ikkje blitt avvikshandtert i verksemda. Verksemda må finne ut om analyseresultatane at avløpsvatnet er så høgt fordi prøvane vert tekne på feil måte, eller om oljeavskiljaren ikkje har rett dimensjonering og opphaldstid som sikrar tilstrekkeleg fråskiljing av olje.

Fylkesmannen ber om at verksemda tek nye prøvar av avløpsvatnet frå oljeavskiljaren snarast råd etter mottak av kontrollrapporten og at kopi av analyseresultatet vert sendt oss til vurdering.

Avvik 2: Verksemda si avvikshandtering for forhold knytt til ureining av ytre miljø har manglar

Avvik frå internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (rutinar for å førebyggje lovbrøt) og løyvet av 17.12.07 punkt 2.3 (plikt til oppdatert internkontroll).

Avvik nr.

6B) Avviksbehandlingssystemet vert ikkje etterlevd i praksis for forhold knytt til ureining av ytre miljø

Verksemda har eit avvikssystem som er utarbeidd i Drammen av Hermod-Teigen. Verksemda opplyser at dei brukar systemet mest til produktfeil og arbeidsmiljøavvik, og skriv då avviksmeldingar på dette. Verksemda opplyser at det har vore naboklager til høgde på bilstablar utan at dette er blitt avvikshandtert og registrert i systemet. For høgt oljeinnhald i prøvane som er tekne av oljeavskiljaren er ikkje avvikshandtert og registrert. Oljefilm på vatnet utanfor anlegget har blitt observert, men ikkje avvikshandtert. Verksemda må også registrere og handtere avvik som gjeld ytre miljø for å førebyggje og setje inn tiltak for å motverke ureining av omgjevnadane.

Merknader

Merknad 1: Fat med flytande farleg avfall er ikkje tilstrekkeleg sikra

Kommentar:

Alt farleg avfall vert lagra under tak og såleis sikra mot ver og vind. Men 200 liters fata står utan lok medan dei vert fylte opp i tappeanlegget, slik at dersom uhellet skulle vera ute og fatet kvelvar vil alt innhald gå i via fast dekke og til oljeavskiljar. Noko av innhaldet i fata vil også kunne fordampe når dei står utan lok. Verksemda opplyste at det no var bestilt nytt tappeanlegg, så fylkesmannen ser på dette som eit midlertidig lagringsproblem av farleg avfall inntil nytt tappeanlegg er på plass. Verksemda bør sikre at alt flytande farleg avfall med fordampingsevne står lagra med lokk, for å unngå fordamping og fare for helseskade og ureining av ytre miljø.

Merknad 2: Gamle transformatorar vert tappa for olje utan at verksemda har tilstrekkeleg dokumentasjon på innhaldet**Kommentar:**

Kontrollaksjonen var knytt til biloppsamling og miljøsanering av bilar. Men vi oppdaga under tilsynet at det sto fleire gamle transformatorar frå SFE lagra ved sidan av bilvrakstabilar som ikkje var miljøsanert. Årstall på fleire av dei var 1978, 1980 og 1989. Verksemda løftar dei opp på bukk og tappar dei for olje og leverar resten som jernskrap. Verksemda hadde ikkje kjennskap til at slik transformatorolje kan vera PCB-haldig og hadde ikkje fått dokumentasjon frå SFE om dette. Transformatorane var ikkje merka med innhald av PCB. Verksemda pliktar å vite kva fare som er forbunde med å resirkulere og handtere avfall som dei tek i mot, samtidig som det er ei plikt for avfallsprodusenten å opplyse om kva avfallet dei leverer er/inneheld.

Dersom transformatorane inneheld PCB, må verksemda handtere oljen særskilt og med stor varsemd for å unngå ei eksponering for PCB og ei ureining av ytre miljø.